



Fire av dei mange polakkane i bygda som vil bli invitert til Helgheim snart jobbar med innreiing av bustadane oppå SPAR. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Tirsdag 23. september vil "våre nye landsmenn" i Uskedalen bli invitert til ei samkome i Helgheim opplyste initiativtakar Magne Huglen under sesongens førte Dialogforum i Gamleskulen måndag kveld.

Ordførar Synnøve Solbakken vil vera på plass saman med andre sentrale personar som meiner det er viktig å ta godt vare på dei som kjem til kommunen.

Hvis alle kjem vil det bli rundt 50 polakkar og litauarar, opplyser Huglen som har vore ein føregangsmann når det gjeld tilrettelegging for utlendingar.

- I den seinare tid har det kome fleire familiar og mange har planar om å bli her for godt, seier Huglen som legg stor vekt på at utlendingane får eit sosialt kontaktnett og kjem inn i lag og organisasjonar der dei vil ha mykje å gje.

- Det vil også bli enkel servering og vi satsar på at det blir ein trivleg kveld, seier Huglen.

Ei hovudsak under dette møtet var ellers forslaget om å danne eit nytt reiselivslag som uskedelingen Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) fekk igjennom i siste formannskapsmøte.

Møteleiar Kristian Bringedal la fram saka og spurte kva for nytte og interesse Uskedalen eventuelt kan ha av eit slikt lag og korleis vi kan markera oss i denne samanhengen.

Henrik Lyse minte om at Uskedalen ikkje hadde så stor nytte av eit slikt lag sist fordi bygda vart overkøyrd av Rosendal som det store trekkplasteret. Han meinte at samarbeidet mot Sunnhordland dekkjer behovet for oss. Magne Huglen var også redd for at Uskedalen igjen vil bli ein salderingspost for Rosendal.

- Hvis ikkje marknadsføringa skjer på ein likeverdig måte ser eg ikkje den store vitsen ved eit slikt nytt lag, sa han.

Tor Vidar Sæle peika under møtet på interessa frå fjellfolk i Bergen for å få ein fast base i Uskedalen og Kjell Yri opplyste at han hadde hatt kontakt med fjellsportgruppa som var her i helga. Men det er Bergen Turlag som

eventuelt må byggja ei hytte i Fjellandsbø-området og saka er enno ikkje avklara i organisasjonen. Henrik Lyse var heller skeptisk og stilte spørsmålet:- Kva legg dei egentleg igjen her i dalen? Kjell Yri påpeika marknadsføringsverdien og det same gjorde Tor Vidar Sæle og Arne Terje Haugland.

Magne Huglen etterlyste oppfølging frå kommunen på ei oppmoding om å få lys ved den nye barnehagen og Aslaug Lyse var kritisk mot dei som let motorane gå når dei handlar på SPAR. Der bør det koma opp eit skilt om at dei må stoppast – i tråd med lova.

Av Ola Matti Mathisen